

Atkins Norge AS
Vollsveien 13 C
1366 LysakerDato: 10.09.2015
Vår ref.: 2015/9269-1
Saksbehandlar: 99KARHAUG
Dykkar ref.:

Melding om kontraktstildeling i konkurranse om Kvalitetssikring og utføring av kostnadsoverslag (HFK-15-0226)

Hordaland fylkeskommune (HFK) takkar for tilbodet dykkar i den ovannemnde konkurransen.

Det kom inn 4 tilbod i konkurransen. Etter evaluering av tilboda, og gjennomføring av ein forhandlingsrunde per e-post har HFK kome til at kontrakten skal tildelast Atkins Norge AS. Signering av kontrakt vil skje etter utløp av karensperioden.

Vi vil i det følgjande kort grunngje valet av leverandør i samsvar med forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) § 13-3 første og andre ledd jf. § 11-14 første ledd.

Tilboda er vurdert etter dei oppgjevne tildelingskriteria i konkurransegrunnlaget, som inneber at kontrakt skal tildelast den som har gjeve det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, basert på følgjande tildelingskriterier:

Nr	Tildelingskriterium	Vekt
1	Pris	30 %
2	Kvalitet	40 %
3	Relevant kompetanse hos tilbydd personell	30 %

Atkins Norge AS har etter vår evaluering gjeve det økonomisk mest fordelaktige tilbodet basert på desse kriteria.

Tildelingskriteria er vurdert på ein skala frå 0-6 der 6 er best. Tilbydaren som har svara best på kvart einskilde underkriterium, fekk score 6. Dei andre tilboda fekk ein score som svarar til den kvalitative differansen til det beste tilbodet.

Når det gjeld tildelingskriteriet pris, så får tilbodet med lågast tilbodspris scoren 6, og dei andre tilboda verte scora relativt til dette etter følgjande formel:
(tilbod med lågast tilbodspris / aktuelt tilbod) x 6.

På dei andre tildelingskriteria har den beste skildringa for kvart tildelingskriterium fått score 6, mens dei andre skildringane har fått ein score som representerer differansen til beste skildring.

Oppsummering evalueringsarbeid			Atkins Norge AS		Faveo Prosjektledelse AS		Holte Consulting AS		Prokonsult AS	
	Vekting	Vektet innefor ramme	Poeng	Vektet poeng	Poeng	Vektet poeng	Poeng	Vektet poeng	Poeng	Vektet poeng
Evalueringssområder	Pris	30 %	4,32	1,30	4,66	1,40	4,84	1,45	6,00	1,80
	Kvalitet	40 %	6,00	2,40	4,20	1,68	4,80	1,92	4,20	1,68
	Relevant kompetanse hos tilbydd personell	30 %	6,00	1,80	3,27	0,98	5,45	1,64	4,36	1,31
	100 %									
	Total score		5,50		4,06		5,01		4,79	
	Rangering		1		4		2		3	

Nærare grunning

Om det vinnande tilbodet

Atkins Norge AS har dei høgaste timeprisane både for senior- og juniorressursar og scorar dårlegast av tilbydarane på tildelingskriteriet Pris.

Når det gjeld tildelingskriteriet Kvalitet er Atkins Norge AS rangert som den beste tilbydaren på kriteriet. Evalueringsgruppa er særst nøgd med skildringa av metodikken og korleis Atkins Norge vil løyse oppdraget for Kvammapakken. Løysinga er skissert veldig godt i framdriftsplanen kor HFK får ei god oversikt over kven som skal gjere arbeidet med dei ulike aktivitetane, inklusive bidraget frå HFK.

Når det gjeld tildelingskriteriet Relevant kompetanse hos tilbydd personell scorar Atkins Norge AS best av alle tilbydarane. Atkins Norge AS tilbyr totalt 5 ressursar på rammeavtalen kor av 3 senior sivilingeniørar og 2 junior fysikarar. For Kvammapakken blei det vurdert som positivt at Atkins Norge AS har skreddarsydd teamet med 3 seniorar ressursar og 1 junior ressurs. Den eine ressursen har i tillegg spesialkompetanse på tunell.

Det vert gjort merksam på at oppdragsgjevar tidlegast kan inngå kontrakt etter ein karenperiode. Frist for å setje fram eventuelle innvendingar mot avgjerda er difor satt til fredag den 18. september 2015 klokken 12:00.

Vi takkar for interessa og ser frem til samarbeidet.

Trond Amundsen
Innkjøpsjef

Karianne Mjøs-Haugland
Innkjøpsrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.